

# Nyhendebrev 1/2024



## Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem eit nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med fokus på søknadsfristar og ordningar. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

### Søknadsfristar og viktige datoar i første kvartal 2024

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme, inkludert inndregne midlar	
		Gloppen	Stad
	<b>Felles for Gloppen og Stad</b>		
Straumstøtte	28. februar	Les meir <a href="#">her</a> .	
SMIL	1. mars	700 000	770 600
Tiltak i beiteområde	1. mars	130 000	150 000
Produksjonstilskot del 1	15. mars		
Utviklingsfondet	15. mars	For grunneigarar med rettar innanfor Naustdal-Gjengedal lvo	
Trekke eigedom/jaktfelt ut av vald	1. april	Jaktrettshavar melder til valdansvarleg	
Trekke vald ut av bestandsplanområde	1. april	Valdansvarleg melder til bestandsplanområde	
Endring/godkjenning av vald	1. mai	Valdansvarleg søker til kommunen	
Godkjenning/endring av bestandsplan på hjort	1. mai	Valdansvarleg søker til kommunen	
UKL Stad	1. juni		870 600
Drenering	Løpande	103 000	79 000
Tilskot til skogkultur	Løpande	100 000	100 000
Tilskot til skogsveg og taubane	Løpande		

Bruken av tilskotsmidlane for 2023 tenkjer landbrukskontoret å oppsummere på faglagsmøta no til våren.

## PEFC skogstandard – korleis fungerer dette i praksis?



PEFC-sertifisert tømmer er berekraftig. Foto: PEFC Norge.

I vinter har det vore gjennomført PEFC-kurs ulike stadar i Nordfjord. Skal du hogge og levere tømmer sjølv til tømmerkjøpar, må du vere PEFC-sertifisert. [PEFC er dokumentasjon på at tømmeret kjem frå ein skog som vert forvalta og hogd på ein berekraftig måte.](#)

Standarden omfattar 30 ulike kravpunkt som til saman tek omsyn til sosial, miljømessig og økonomisk berekraft ved hogst. Desse krava gjeld i all vanleg skog som ikkje er omfatta av særskilt vern. Det er fullt mogleg og lovleg å hogge i all skog, så

lenge denne ikkje har eit vern eller er omfatta av noko restriksjonar knytt til reguleringsplan etter plan- og bygningslova.

Du kan lese om dei ulike kravpunkta på [PEFC Norge sine nettsider](#). Her er det skildra kva særskilde omsyn som skal takast. Desse omsyna er ulike alt etter kva type område du skal hogge i. Det er omsyn som skal takast om du skal hogge til dømes nær vatn i form av elv eller bekk, område der det er kartfesta sårbare eller trua artar eller i mykje brukte friluftsområde. PEFC-krava er godt skildra på nettsidene om kva omsyn du må ta.

Når du skal hogge i eit område, nyttar du opne og offentlege kartkjelder for å ta ein sjekk for å sjå om det er sårbare artar til dømes. Vidare har du som skogeigar god kjennskap til om skogen din er mykje brukt til tur eller om det går vatn gjennom teigen du skal ta ut. Kartkjeldene du kan nytte er: [Kilden hos Nibio](#), [Artskart hos Artsdatabanken](#) og [Kulturminnesøk frå Riksantikvaren](#). Om du har spørsmål om korleis du skal bruke karta eller har spørsmål om noko du har funne i karta eller lurer på hogst på eigedommen din, kan du ta kontakt med landbrukskontoret.

PEFC-standarder er revidert og nye krav gjeld frå 2024. Om du ikkje fekk med deg, desse kursa, så er det også høve til å gjennomføre desse på [nett via Skogkurs sine nettsider](#).

## Ungskogpleiedagar – set av datoen no!

Til våren vert det nye skogdagar med fokus på ungskogpleie. Set av datoen i kalenderen din allereie no!

- **Gloppen: onsdag 17. april kl. 17- 19**
- **Stad: torsdag 18. april kl. 17 – 19.**

Vi kjem tilbake med meir informasjon om stad.

## Hestemøkk

Det er nok ikkje alle som tenkjer over at hestemøkk er omfatta av *gjødselvarselskrifta* på same måten som anna husdyrgjødsel. Reglane for bruk og lagring er like for alle typar gjødsel frå husdyr. Kva gjer de då med hestemøkk? Mattilsynet har ei god side på dette: [Slik skal hestemøkk handterast.](#)

## Vasstiltak i landbruket

Sjølv om vi har nemnt dette før, er kantvegetasjonen langs vassdrag av stor verdi og har mange viktige funksjonar for både natur og folk. Det er difor ikkje lov å fjerne kantvegetasjon utan løyve frå Statsforvaltaren.

[Meir om vatn og avrenning](#)



*Kantvegetasjon i Njåstadelva. Foto: Statsforvaltaren i Vestland.*

## [Retningslinjer for støtte til frukt, bær og småskala grønt i Vestland 2024](#)

Innovasjon Norge har hovudsakleg vidareført retningslinjene frå 2023 med nokre unntak:

- Lik støttesats til planting av eple, pære, morell, plome og bær, til arrondering og viltgjerde – inntil 30 % i støttesats
- Medlem av Gartnerhallen (GH) må legge ved godkjend produksjonsplan frå GH sentralt (med tal tre og sortar som skal plantast)

Ordinære søknader om støtte til driftsbygning inntil 50 % støttesats, inntil kr 5,0 mill. til godkjende kostnader til omlegging til lausdrift for mjølkekyr.

Normalt inntil 30 % tilskot, inntil kr 3,5 mill. til godkjende kostnader til bygg for sau og ammeku.

Inntil kr 400 000 i tilskot til driftsbygning i tre.

Etableringstilskot ved generasjonsskifte: Normalt inntil 40 % i støttesats, inntil kr 800 000 i tilskot, inntil kr 2,0 mill. i godkjende kostnader.

[Sjekkliste for søknad om støtte til driftsbygning.](#)

## Utvalde kulturlandskap

Det skal i desse dagar drøftast innretninga og bruken av tilskotsmidlane. Får vi til det som er intensjonen med tilskota? Kan vi gjere noko annleis? Dei som er med på dette er faglag, grunneigarlag, kystgeitlaget og sankelag. Retningslinjene som var nytta i 2023 ligg her:

[Retningslinjer for tilskot til Utvald kulturlandskap – Stadlandet](#)

For å ha eit noko meir formelt fora på tvers av lokal og regional forvaltning har kommunen eit ynskje om å etablere ei samarbeidsgruppe. Formålet med gruppa er å drøfte overordna spørsmål og prioriteringar knytt til forvaltning og tilskot til området. Eit fora der samarbeid står i fokus, der ein kan utveksle erfaringar, informere og inspirere kvarandre og arbeide for å bruke tilskotsmidlane målretta og ta vare på UKL området gjennom skjøtsel med dyr og folk.

Lærdal kommune er eit godt føredøme: [Reglar for tildeling av tilskot UKL Lærdal](#)

## Husdyrgjødsel og avstand til vatn

Det kan vere lurt å tenke gjennom dette før gjødselsesongen startar:

I Regionalt miljøprogram er det i prioriterte område krav om kantsone mot vassdrag for å vere kvalifisert til tilskot. Formålet med tilskotet er å stimulere til at areal som grensar mot vassdrag ikkje blir gjødsla eller sprøyta.

### [Kantsone Regionalt miljøprogram](#)

Det er også i Produksjonstilskotet eit miljøkrav om vegetasjonssoner. Denne sona skal vere minst to meter. Formålet er å ivareta miljøverdiane i kulturlandskapet og redusere mogeleg avrenning frå jordbruksareal.

### [Landbruksdirektoratet om miljøkrav i søknad om produksjonstilskot](#)

## Hjort

### Høyringssaker



Hjort i vinterlandskap. Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.

I Stad kommune har forskrift om jakt etter hjort og minstearealet vore ute på høyring. Etter ei vurdering av høyringsinnspela er det lagt fram eit forslag om å endre minstearealet til seks vald rundt Moldefjorden og omegn. Den overordna planen for hjorteforvaltning for perioden 2024-2026 i både Stad og Gloppen kommune har og vore ute på høyring. Dei tre sakene vert handsama på kvart sitt Samfunnsutval den 28. februar og sakene i Stad skal handsamast av kommunestyret 7. mars.

### Komande fristar i hjorteforvaltninga

#### **1. april**

- Jaktrettshavarar som ønskjer å trekke ein eigedom/jaktfelt ut av eit godkjent eller omsøkt vald må gje beskjed til valdleiar.
- Vald som ønskjer å trekke seg ut av eit godkjent bestandsplanområde må gje beskjed til bestandsplanområdets representant.

#### **1. mai**

- Søkje kommunen om godkjenning av vald.
- Melde endringar i valdet til kommunen.
- Søkje kommunen om godkjenning/endring av bestandsplan.

Vald med godkjent bestandsplan kan søkje om endringar i bestandsplanen kvart år gjennom planperioden.

Vald som får årleg tildeling av fellingsløyve treng ikkje å søkje til kommunen.

## Beiteprosjekt

I samband med Norsk hjortesenter og fleire andre kommunar i Sunnfjord og Nordfjord har vi planlagt eit prosjekt som skal sjå på forskjellige metodar for å enkelt synleggjere tap på innmark frå beitande hjort. Per no har vi ikkje fått svar på søknad om finansiering, men vi ser føre oss at prosjektet skal starte opp med opne møter i mars der grunneigarar kan melde seg på prosjektet. Vi treng grunneigarar med forskjellig type og mengde skade, samt grunneigarar utan skade.


Om prosjektet blir satt i gang blir meir informasjon sendt ut i forkant av møte.

## Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Det er no ope for å søkje om tilskot frå utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal Ivo. Utviklingsfondet kan nyttast til næringsutvikling, fellestiltak og tiltak for folk flest i nærområdet til, eller innafør verneområdet.

Grunneigarar og grunneigarsamanslutningar med rettar innanfor landskapsvernområdet kan søke om tilskot. Det same kan lag, organisasjonar og andre som ønskjer å utvikle verdiane i området (krav om samarbeidsavtale med rettshavarar knytt til verneområdet).

**Søknadsfrist 15. mars.** Søknad sendast digitalt via Gloppen kommune sin [heimeside](#) - trykk på "Utviklingsfond Naustdal-Gjengedal" for å få opp lenke til søknadsskjema og vedtekter.



*Frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde mot Nordstranda i Gloppen. Foto: Naustdal-Gjengedal Ivo.*

*Helsing Trine, Odd-Harald, Åse, Karoline, Lindis og Bernt!*